



striden om EUs tredje postdirektiv påvirker bygdefolks haldningar til EU.


FOTO: MARIANN TVETE

Nasjonens distriktsbarometer

EU har for stor innflytelse i Norge.


Vi har stilt dette spørsmålet i mai 2009 og i oktober 2011. Svarene er gitt på en skala fra 1-10 der 1 er helt uenig og 10 er helt enig.

■ (1-3) Uenig □ (8-10) Enig




Standardisert gjennomsnitt etter bosted

(Standardisert gjennomsnitt hvor 0 er helt uenig og 100 er helt enig, brutt ned på bakgrunnsvariabler).



Standardisert gjennomsnitt etter parti



Undersøkelsene er gjort av Sentio på oppdrag for Nationen. 1000 spurte i mai 2009 og i oktober 2011.

seie vi er som eit tre fjerdedels EU-medlem

velkjent forsvarer av EØS-avtalen, seier Europautredningen ikkje endrar noko på synet hans.

– Gjennomgangen er heilt i tråd med det eg har tenkt, at innvendingane mot EØS-avtalen fyrst og fremst er prinsipielle, medan avtalen reint praktisk fungerer svært godt, seier han.

Verken medlemskap eller handelsavtale framstår som meir attraktivt no enn før, meiner han. Endringar i dagens avtalen ser Giske heller ikkje som aktuelt.

– Ei eventuell reforhandling fø-

rer ikkje berre til at vi tek opp dei sakene vi er opptekne av å endre. Det betyr også at 27 EU-land kan føreslå endringar, og det kan like fort ende med eit dårlegare resultat for oss som eit betre resultat.

Ser same problem innåt i EU

Giske ser likevel trong til betringar i måten Noreg brukar EØS-avtalen, og synest EØS-utgreiinga gjev nokre gode råd i så måte.

– Vi må ta konsekvensane av at EU er endra og bruke påverknadshøva i avtalen meir aktivt.

Det handlar fyrst og fremst om å kome tidlegare inn i prosessane. Her må vi skjerpe oss, seier Giske, som passar på å påpeike at han

IKKJE BETRE INNÅT

«Vi hadde framleis hatt vikarbyrådirektivet, postdirektivet og matsminkedirektivet om vi hadde vore medlem.»

TROND GISKE (AP)
NÆRINGS- OG HANDELSMINISTER

ikkje ser det å henge etter som eit problem Noreg er åleine om.

– Det gjeld for heile EU, og er ikkje rart. Når ein har eit system som skal handtere 27 medlemsland pluss tre EØS-tilknytte, er det avgrensa kor mykje påverknad og kapasitet kvart land har til å følgje med på alt, om det så er medlem eller ikkje, seier han.

Han åtvarar i det heile teke mot å tru at Noreg kunne fått så mykje større gjennomslag innanfor EU.

– Vi hadde framleis hatt vikarbyrådirektivet, postdirektivet

og matsminkedirektivet om vi hadde vore medlem til dømes. Vi hadde utgjort eitt av 28 land og skilnaden hadde vore minimal.

Giske vedgår likevel at å ha påverknad i avgjerande organ i EU, er eit godt ja-argument, men seier ulempene ved å då måtte vere med i eurosamarbeidet, og ha sams fiskeriforvaltning, landbrukspolitikk og utanrikspolitikk er «soleklart» større.

EVA AALBERG UNDHEIM
eva.undheim@nationen.no